

Saksbehandlar: Gunhild Berge Stang, Kulturavdelinga
Sak nr.: 12/1666-58

Lokale kulturminneplanar fordeling av midlar 2014

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert løyvd 100 000 kroner til registrering av kulturminne til kvar av kommunane Førde, Naustdal, Gloppen og Balestrand
2. Det vert løyvd 50 000 kroner til å utarbeide kulturminneplan i kvar av kommunane Førde, Naustdal, Gloppen og Balestrand
3. Med tildelinga til registrering følger ei tinging til kommunane. Midlane vert betalte ut ved aksept av tinginga. Tingingane skal omtale dei krav og vilkår som Riksantikvaren set til tildeling
4. Tildeling til planarbeid vert betalt ut som tilskot. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av midlane il tilskotsbrev til enkelte søkjar

Vedlegg:

Tingingsbrev frå Riksantikvaren

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Søknader på midlar til kulturminneregistrering og kulturminneplan

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vedteke å satse på lokale kulturminneplanar som ein del av fylkeskommunen si kommunesatsing. Målet er at alle kommunar i fylket innan utgangen av 2015 har vedteke eller starta opp arbeidet med kulturminneplan og kulturminneregistrering. Prosjektet er ei oppfølging av Riksantikvaren si nasjonale satsing «Kunnskapsløft i kommunane». I denne satsinga har Riksantikvaren mellom anna sett av midlar til kulturminneregistrering i kommunane. Målgruppa er kommunar som har gjort vedtak om utarbeiding av kulturminneplan. Praksis tidlegare har vore at kommunane har søkt Riksantikvaren direkte.

2. Bakgrunn for saka

Prosjektet lokale kulturminneplanar starta opp august 2012. Riksantikvaren har følgd prosjektet med stor interesse sidan då. Seinare på hausten vedtok Riksantikvaren å gå inn i eit tettare samarbeid med fylkeskommunen ved å overføre midlane til fylkeskommunen for vidare fordeling til kommunane. Dette er også gjort til enkelte andre fylkeskommunar som tek ei aktiv rolle i høve til kommunane i denne satsinga.

I tillegg har fylkeskommunen i prosjektet sett av midlar slik at kommunane kan søkje om kr 50 000 til planarbeidet. Sidan fylkeskommunen frå 2013 no disponerer både registrering- og planmidlar har vi oppmoda kommunane om å sende inn samla søknad på begge deler.

Historikk - tidlegare vedtak

I 2013 mottok fylkeskommunen ei tinging frå Riksantikvaren med til saman kr 1.200.000 til å fylgje opp deler av Riksantikvaren si kommunesatsing i Sogn og Fjordane. Av desse vart 1 million nytta til kulturminneregistrering og resterande 200 000 kr vart sett av til medfinansiering av drift av prosjektet. Riksantikvaren ynskjer med desse midlane å få etablere ein modell for samarbeid med kommunane slik at kulturminna blir sikra god forvaltning lokalt.

På bakgrunn av innkomne søknader, løyvde hovudutvalet for kultur i HK-sak i 2013 i HK-sak 0039/13 og i HK-sak 0069/13 registreringsmidlar til ti kommunar. Det vil seie at det er løyvd til saman 1 000 000 kroner av midlane frå Riksantikvaren. Det vart også løyvd kr 50 000 til ti kommunar av midlane sett av til planarbeid. Det samla budsjettet for prosjektet gjev rom for å også løyve av dei fylkeskommunale midlane som er sett av til tilskot til kulturminneplanarbeidet.

Totalt har 14 kommunar motteke tilskot til arbeidet

3. Vurderingar

Fylkeskommunen sin søknad til Riksantikvaren er imøtekomen med kr 400.000. Dette er vesentleg mindre enn det som det vart søkt om. Fylkeskommunen søkte også om 200 000 kroner som tilskot til prosjektet. Dette er ikkje i møtekomme trass i signala i utlysingsbrevet. Riksantikvaren grunngjev storleiken på tilskotet med at det er kome vesentleg mindre midlar til denne satsinga på statsbudsjettet enn det som var forventa. Fleire fylkeskommunar har, delvis etter inspirasjon frå Sogn og Fjordane, starta opp tilsvarande satsing. Dette har ført til at Riksantikvaren i år fekk inn mange fleire søknader enn i 2013

Fylkesdirektøren er uroa over at manglande bidrag frå Riksantikvaren vil rokke ved framdriftsplanen til prosjektet, då tilskotet frå Riksantikvaren til kommunane er ein vesentleg premis for gjennomføring. Det kan også bli utfordrande å nå målsettinga om kulturminneplan i alle 26 kommunar. Denne uroa er formidla til Riksantikvaren. I tingsingsbrevet gjev Riksantikvaren difor uttrykk for at så sant budsjettet i 2015 gjev rom for det så skal kommunane i Sogn og Fjordane prioriterast slik at prosjektet til fylkeskommunen kan bli fullført

Det ligg no føre søknader frå fire kommunar som alle søkjer om kr 150 000 til registrering- og planarbeid. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd kr 150 000 til kvar av desse. Dette gjeld Førde, Naustdal, Balestrand og Gloppen. Søknadane stettar krava som er sette. Fylkeskommunen har hatt møter med kommunane som har søkt og fylkesdirektøren har eit inntrykk av at kommunane har gode føresetnader for å gjennomføre prosjekta sine. Kommunane står fritt til å definere tema og innhald i satsinga. Fylkeskommunen si rolle er å følgje tett opp dei lokale satsingane og hjelpe til med faglege råd undervegs.

Omtale av søknadane:

Gloppen

Gloppen kommune søker om 150 000 kroner til arbeid med registrering og plan. Kommunen har forankra vedtaket sitt i Kultur- og miljøutvalet i januar 2013. Gloppen kommune har ikkje prioritert satsingsområde enno, men ynskjer å trekkje sogelaget inn i dette arbeidet. Planprogrammet er under utarbeiding og kommunen tek sikte på oppstart i august 2014. Planen skal vedtakast politisk juni 2015

Naustdal

Naustdal kommune søker om 150 000 kroner til arbeid med registrering og plan for kulturminne. Vedtaket er forankra i kommunen sin planstrategi for 2012-2015. Kulturminneplanen er elles nært knytt til kommunen sin kommunedelplan for kultur der fokuset på identitet, landskap og formidling er viktig. Reiseliv er eit prioritert næringsområde, noko som kulturminneplanen vil reflektere. Kommunen vil elles leggje stor vekt på tverrsektoriell samhandling i arbeidet og samarbeide tett med frivillige lag og organisasjonar. Kommunen startar arbeidet våren 2014 og tek sikte på endeleg politisk handsaming i juni 2015

Førde kommune

Førde kommune søker om 150 000 kroner til arbeid med registrering og plan for kulturminne. Vedtaket er forankra i kommunen sin kommunedelplan for kultur 2014-2017. Førde kommune vil prioritere kulturminne knytt til tettstaden Førde og byen si nære historie. Grunngevinga er den sterke veksten Førde har hatt dei siste tiåra. Kommunen legg vekt på å trekkje inn ulike lag og organisasjonar i arbeidet. Kommunen startar opp arbeidet våren 2014 og tek sikte på slutføring i juni 2015

Balestrand kommune

Balestrand kommune søker om 150 000 kroner til arbeid med registrering og plan for kulturminne. Vedtaket er forankra i kommunen sin gjeldande planstrategi. Kommunen starta opp arbeidet våren 2014 og har allereie hatt første folkemøte på saka. Planprogram vert sendt ut på høyring i juni 2014. Kommunen legg stor vekt på medverknad og sogelaget har ei vesentleg rolle i arbeidet. Balestrand tek sikte på slutføring av arbeidet i januar 2015.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd tilskot til Balestrand, Førde, Naustdal og Gloppen kommune for deira arbeid med kulturminneregistrering. Kvar løyving er på til saman 100 000 kroner og følgjer dei vilkår som Riksantikvaren set for bruk av desse midlane. Fylkesdirektøren rår vidare til at det vert løyvd 50 000 kroner til kvar av kommunane til arbeid med plan, i tråd med plan for prosjektet og med dei vilkår fylkeskommunen set for tilskot.